

## PROTOKOLL

### Styremøte i Nordhordlandspakken AS

**Stad:** Nordhordland Utviklingsselskap IKS  
**Tid:** Torsdag 26. mars kl. 08:30 - 10:30  
**Nr.:** Styremøte: 3-2015

#### Til stades:

Styre:	Pål Kårbø, Leidulv Brunborg, May Eva Sandvik, Kristian Helland
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Nils Marton Aadland, Helge Hopen, Helge Sandvik, Kristian Bauge
Forfall:	Kristin Handeland, Jon Askeland

Saksnr.	Saker
4/15	<b>Innkalling/saksliste/protokoll</b> Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Protokoll frå møte 2-2015 vart godkjend utan merknadar.
5/15	<b>Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – status</b> Styreleiar informerte kort om status sidan sist.  Styreleiar og Helge Hopen har hatt eit orienteringsmøte for gruppeleiarane i Meland kommune onsdag 11. mars. Her presenterte dei ei skisse der ein reknar inn inntektene for bomstasjon i Isdal (jf. fylkestinget sitt vedtak), samt ei innsparing på ei kalkylerente frå 6,5 % til 4,5 % - totalt utgjør dette kr 200 mill. I tillegg vart det lagt fram ei mindre justering av pakken der to prosjekt i Meland vert gitt høgare prioritet.  Torsdag 19. mars vart ei liknande orientering gitt til gruppeleiarane i Lindås. Dei var opptatt av at auka midlar måtte medføre økonomisk styrking av eksisterande prosjekt. Same kvelden var styreleiar og Helge Hopen invitert til eit styre-/gruppemøte i Meland Ap for å svara på evt. spørsmål. I ettertid har gruppeleiar i Meland Ap Rolf Hansen sendt e-post til ordføraren i Meland der Meland arbeidsparti ber om at kommunestyret handsamar Nordhordlandspakken på nytt basert på dei nye justeringane som dei meiner vil styrkja prosjekta og satsinga i Meland. Med bakgrunn i dette vil Meland Arbeidsparti støtta forslaget om ny vegpakke.  Det er også ønske frå Meland Senterparti og Miljøpartiet dei grønne (MDG) om at kommunestyret handsamar saka på nytt. Grunngevinga frå MDG er at dei nye opplysningane av demokratiske årsaker er slik at kommunestyret må ta stilling til dette.  Med bakgrunn i dette vart styret i dag lagt føre ei sak med ei mindre justering av pakken. Saka må styrehandsamast i dag, og snarast sendast over til Statens Vegvesen. Vidare framdrift vil vera at Statens Vegvesen sender ut eit brev til dei ulike kommunane i Nordhordland for stadfesting av støtte. Kommunestyra bør handsama dette i perioden medio april til slutten av mai. Gitt positiv tilslutnad i kommunane vil søknaden koma opp for endeleg handsaming i Hordaland fylkesting sitt møte i juni. Søknaden vil deretter verta sendt til Vegdirektoratet med forventning om handsaming i Stortinget våren 2016.

	<p>Helge Hopen presenterte så nærare den justerte søknaden og viste til at det er ein liten, men positiv justering grunna styrkja økonomi i den. Ein har ikkje gått vidare med å dela inn pakken kommunevis då ein meiner dette vil rota det heile til. Det kan bli oppfatta som ein ny pakke – ein kommunepakke og ikkje ein regionpakke som dette er – og heile tida har vore meint som.</p> <p>Deretter diskusjon og drøfting i styret. Alle var positive til endringane og til føreslått framdrift. Styret peika på at det er særst viktig at vegvesenet handsamar saka så fort det let seg gjera, og får ut ei ny sak til kommunane snarast. Helge Sandvik bekrefta at vegvesenet vil prioritera dette. Vidare peika styret på at det er viktig at kommunane handsamar saka innan 21. mai slik at fylkestinget kan handsama det i juninget.</p> <p>Møtet gjorde uttrykk for at dei var særst fornøgd med den jobben vegvesenet har gjort – og den prioriteringa dei har på arbeidet.</p> <p>Helge Hopen peika på at det er viktig å ha fokus på det som ligg i pakken, og at ein må kommunisera dette på ein riktig og god måte.</p> <p>Møtet peika på at det no er viktig at politikarar og andre står opp for pakken.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det vert vist til vedtak i Meland kommunestyre 25.3.2015 der kommunen ber om ny handsaming av Nordhordlandspakken basert på skisse til justert pakke. Styret i Nordhordlandspakken har på denne bakgrunn bedt om at Statens vegvesen Region Vest utarbeidar ei kortfatta sak til alle kommunane med informasjon om framlegget til justering av Nordhordlandspakken i forhold til den versjonen som kommunane handsama i januar/februar 2015. Justeringane av pakken er som følgjer: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Auka investeringsramme med kr 200 mill. basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.</li> <li>▪ Fordeling av dei nye investeringsmidlane med kr 115 mill. til Lindås og kr 85 mill. til Meland.</li> <li>▪ Prioritering av prosjekt Fv. 564 Fløksand – Vikebø opp som nr. 2 av prosjekta i Meland.</li> <li>▪ Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt Fv. 564 Sandskaret – Holme) opp som nr. 3 av prosjekta i Meland.</li> </ul> </li> </ol> <p>Alle andre føresetnader for pakken er uendra (takstnivå, bompengerperiode, planlagde revisjonar av pakken med innfasing av Knarviktunnelen og Nyborgtunnelen mv.)</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Styret legg til grunn at saka som går ut til kommunane rett over påske vert kortfatta og fokuserer på endringane i forhold til fylkestingets opplegg – og at kommunane med dette blir bedt om å ta stilling til om dei sluttar seg til endringane. Det vert lagt opp til endeleg handsaming av Nordhordlandspakken i fylkestinget i juni 2015. Basert på opplysningar om nødvendig tid til sakshandsaming vert siste frist for kommunal handsaming av endringsframlegget sett til 21. mai 2015.</li> </ol>
6/15	<p><b>Førebels rekneskap</b></p> <p>Førebels rekneskap for 2014 og budsjett for 2015 vart gjennomgått. Rekneskapet syner eit underskot for 2014 på kr 2 000, mot budsjettert overskot på kr 49 000. Dette medfører at selskapet framleis har ein anstrengt økonomi. I tillegg har Bergen kommune fortsatt ikkje gjeve tilsegn om midlar for 2015.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Styret vedtok at årsmelding 2014 og rekneskap for 2014 vert handsama i neste ordinære styremøte.</p>

7/15	<b>Eventuelt / ymse</b>
	<b>Informasjonsfolder</b> Styreleiar orienterte kort om møte med mediarådgjevar / kommunikasjonsbyrå. Positiv tilbakemelding på informasjonsfolder, men den må finansierast. Møtet var og positiv til at det vert laga ein informasjonsfolder, og at den evt. må setja Nordhordlandspakken i riktig kontekst med kva prosjektet vil ha å seia for utvikling av regionen med omsyn til t.d. arbeidsplassar, etablering av næring og bustadområder m.v. Styret bad om at styreleiar innhenta priser på dette.
	<b>Neste styremøte</b> Styreleiar sender ut alternative datoar for neste møte.

Knarvik, 9. april 2015

Pål Kårbø (sign)  
Styreleiar

Rune Heradstveit (sign)  
Referent / dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Presentasjon - vegen vidare. Helge Hopen